

Kartlegging av blomstrar og fuglar i området Morafta 2014.




Foto: Svein Hjelmeset

Snøsøte og snøspurv.

Svein Hjelmeset september 2014.

hjelmesets@hotmail.com

Innhald.

Framsida: Bilde av fjellområdet der feltarbeidet er gjort. Plantefunn i A og B. I bildeteksten i rapporten er det vist til funnstad av planten A, B eller i begge A og B.

Bilde også av snøsøte og snøspurv.

Gjennomføring av kartleggingsarbeidet s 3

Bjønnebrodd	s 4
Reinrose	s 5
Rynkevier	s 6
Taggbregne	s 7
Gulsildre	s 8
Raudsildre	s 9
Snøbakkestjerne	s 10
Fjellsmelle	s 11
Snøsøte	s 12
Dvergjamne	s 13
Fuglelivet	s 14
Liste over kalkkrevjande plantar	s 15
Sluttord	s 15

Gjennomføring av kartleggingsarbeidet.

Som fyrstesida viser, vart kartlegginga konsentrert om nordsida av Morafta. Dette er ein del av Sørstrandsfjella som vender mot Sandane. Her finn ein fleire moreneryggar. Nokre stadar stikk det fram berggrunn som sannsynlegvis lokkar plantar til seg som likar seg på basisk jordsmonn. Ein del av desse indikatorplantane fann eg i dette området.

Frå Morafta har ein fin utsikt til mellom anna Berdalen og Traudalen som ein kan sjå på bildet under.



Berdalsvatnet ser ein nærmast på bildet, og Traudalsvatnet ligg i dalbotnen. Instevatnet oppe til høgre.12.07.2014



Synfaring til området ved Morafta 12.07.2014.

Første turen konsentrerte eg meg om terrenget mellom Rausetstøylen og Ravnestadstøylen. Moreneryggane og elvefara var eg mest interessert i.

Litt av området viser på bildet under. Rauset øvst på bildet.

Litt av terrenget som vart undersøkt 1. dagen (B) 12.07.2014.

Første planten eg fann, var det mykje av. Han var lett å sjå med sine lysande nesten kvite blomsterstand. Finn ein Bjønnbrodd, finn ein alltid fleire sortar som likar kalkrik grunn.

Bjønnbrodd: *Tofieldia pusilla*

Bjønnbrodd veks på fuktige stadar på kalkrik grunn, t.d. i myrar med tilsig frå kalkrik berggrunn. Han er ein type lilje som er giftig. Bjønnbrodd er nær slektning med surjordsplanten rome, men veks om lag aldri på same plassen som denne. Svak honninglukt av blomsten.



Bjønnbrodd (AogB) 12.07.2014.



Reinrose: *Dryas octopetala*



Ei lita bot med reinrose hadde etablert seg i området (B). 12.07.2014.

Reinrosa veks som regel berre på kalkrikt jordsmonn. Den har sterkare krav til kalkrik jord enn nokon annan norsk plante. Sikker merkeplante på kalkgrunn.

Blada er irrgørne og læraktige med tetthåra underside. Griffelen vert sitjande på nøttefrukta og danner eit fjørforma, hårete spreingsorgan.

Sjølv om reinrosa i Sørstrandsfjella ikkje blomstra, legg eg ved reinroseblomst frå Fagredalen 2013



Foto: Svein Hjelmeset

Rynkevier: *Salix reticulata*.

Rynkevier som er kalkkrevjande, finn du og i dette området. Han veks ut frå sprekker i nokre små fjellhamrar. Dette er ei dvergbusk på nokre få cm høgd. Stammen er sterkt greinete og kryp i jordoverflata. Blada er tjukke og stive med silkehår på undersida. Sikker merkeplante for kalkhaldig grunn. Heile denne slekta er særbu.



Foto: Svein Hjelmeset

Avblomstra rynkevier (A og B) 12.07.2014.

Taggbregne: *Polystichum lonchitis*.



Foto: Svein Hjelmeset

Taggbregne (AogB) 12.07.2014.

Blada er tjukke, læraktige og glinsande på oversida. Dei har kvasse taggar. Likar seg best på kalkrik grunn.

Gulsildre: *Saxifraga aizoides*



Blomstrar i juli-august. 5-12 cm høg plante. Kronblada er anten gule eller raude. Støvknappane er raude eller gule. Gulsildra veks på våte stader med kalkrik grus- eller leirhaldig jord.

Raudsildre: *Saxifraga oppositifolia*



Raudsildra blomstrar i mai-august. Stenglane som er krypande og forveda, lagar puter eller matter. Veks den i bratt terreng, lagar det seg lange hengande skot som på bildet.

Bladspissane er dekte av kalkskorpe. Raude blomster. Likar seg best på kalkrik grunn heilt opp til 2350 moh. Raudsildra finn ein og på Grønlands nordkyst.

Snøbakkestjerne: *Erigeron uniflorus*.



Foto: Svein Hjelmeset

Snøbakkestjerne(A) 20.07.2014.

Snøbakkestjerne er ei urt i korgplantefamilien. Arten har ei sirkumpolar utbreiing. Planten blir 10 cm høg. Korga har grå- eller raudfiolette korgdekkblad. Kvite, til slutt fiolette kantkroner. Gule midtkroner som snart blir raude øvst. Blomstrar i juli.

Fjellsmelle: *Silene acaulis*

Fjellsmelle og raudsildre(AogB) 20.07.2014

Fjellsmelle er ei urt i smelleslekta i nellikfamilien. Nellikfamilien er ein stor familie med 80 arter i Norge og over 2000 i heile verda. Fjellsmelle likar seg best på kalkrik grunn, og i polare strok eller i fjellområde. Blomstring frå juli til august. Planten vert kalla kompassblomstrande. Dette fordi blomstringa startar på sørsida av tua og blomstrar til sist på den nordvedte sida.



Det er også ein kvit variant av fjellsmelle. Denne er sjeldan og veks berre i polare strok.

Fjellsmella blir frå 2-8 cm høg, og tuva kan bli opp til ein halv meter i diameter. Ei slik tuve kan bli 100 år gamal. Det er også denne planten som er mest utprega puteforma i Norge. Blomstrane er raude 5-talsblomstrar. Dei har 5 kronblad og like mange begerblad. Sidan dei veks i tuver greier dei betre å halde temperaturen høg nok til å lage frø i dei vindfulle vekseområda. Frøa vert spreidde med

vinden. Rota til fjellsmella er pelerot. Her vert det samla mykje næringsstoff som planten kan leve på gjennom harde vintrar.

Snøsøte: *gentiana nivalis*



Snøsøte var den dominerande blomsten i dette området (A)20.07.2014

Snøsøte er ein spinkel eittårig plante med stenglar som gjerne har forgreiningar. Blomsten opnar seg berre i varmt solskin. Vanskeleg (nesten umogeleg) å sjå utan at dei knallblå kronblada lyser mot deg.

Snøsøte veks ulike stadar; feks i lågfjellet på grassletter og lyngheier, i bergområde og steinete skråningar og ved bekkar og stiar. Snøsøte vil helst ha kalkhaldig stein og finst ikkje i fjellområde i taigasoner med lite kalk. Snøsøte er truga lokalt.

Dvergjamne: *Selaginella selaginoides*



Dvergjamne (A) 20.07.2014



Dvergjamne og snøsøte (A) 20.07.2014

Dvergjamne er ein lite karsporeplante i dvergjamnefamilien. 3-8 cm høg, med krypande stenglar, opprette, sporebærande skot og med to slag sporar. Dei hannlege sporehusa sit øvst, og noko større hosporehus sit nedst i akset.

Dvergjamne er ein nokså vanleg plante på mosegrodde, litt fuktige stadar på kalkgrunn opp til 1500 moh.

Veks elles i Europa, Asia og Nord-Amerika. På bildet til venstre veks den ilag med snøsøte.

Fuglelivet i området.

Ein del av dei vanlege fuglane var å sjå i område A og B. Dette var heipiplerke, steinskvett og fjellrype.



Fjellrype 20.07.2014 Foto: Svein Hjelmeset



Steinskvett 20.07.2014



Heipiplerke



Snøspurv 20.07.2014



Snøspurv 20.07.2014

Som ein kjenner til, er det ein koloni med hekkande snøspurv på Tverrfjellet i Gloppen. For meg var det nytt at det også i området vest for Morafta hekkar snøspurv. Eg oppdaga fuglen i slutten av hekkeperioden. Kanskje er det fleire par som hekkar?

Liste over kalkkrevjande plantar i området rundt Morafta sommaren 2014.

Bjønbrodd: *Tofieldia pusilla*

Reinrose: *Dryas octopetala*

Rynkevier: *Salix reticulata*

Taggbregne: *Polystichum lonchitis*

Gulsildre: *Saxifraga aizoides*

Snøbakkestjerne: *Erigeron uniflorus*

Fjellsmelle: *Silene acaulis*

Snøsøte: *Gentiana nivalis*

Dvergjamne: *Selaginella selaginoides*

Fuglar.

Fjellrype

Steinskvett

Heipiplerke

Snøspurv

Sluttord:

Det vart til dels mange spennande turar i Sørstrandsfjella i sommar. Det overraska meg at eg fann så mange ulike plantar som krev basisk grunn. Desse areala var små i utstrekning. I nokre elvefar var det og ein del blomar som feks gulsildre og bjønbrodd. Sidan fyrste turen var 12. juli, vart det registrert lite av vårblomstrane, så det er nok fleire spesielle arter i dette fjellområdet. Eg har merka av dei to områda eg fann plantane i som A og B område på framsida av rapporten. Eg har og vist til A og B området i bildeteksten. Positivt at hekkande snøspurv vart registrert.

Sandane 04.09.2014

Svein Hjelmeset

